



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rasmus Johan Ekroll Arkivsaknr: 2018/122-1836/2018
Arkiv: L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
36/18	Formannskapet	24.04.2018

Saka gjeld:

DETALJREGULERINGSPLAN FOR HYTTEOMRÅDE FH4 GOTA ,GJERDSVIKA

Tilråding:

Sande formannskap godkjenner den framlagde reguleringsplanen for Gota Hytteområde M=1.1000 dat.20.03.2018 med tilhørende føresegner.

Reguleringsplan m/føresegner og planomtale m/vedlegg dat.21.3.2018 vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande formannskap godkjenner den framlagde reguleringsplanen for Gota Hytteområde M=1.1000 dat.20.03.2018 med tilhørende føresegner.

Reguleringsplan m/føresegner og planomtale m/vedlegg dat.21.3.2018 vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 27. april 2018

Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær

Særutskrift: B. Tarberg AS

Høyringsinstansar

Vedlegg:

1. Framlegg til reguleringsplan Gota Hyttefelt M=1:1000 dat.20.03.2018
2. Reguleringsføresegner
3. Planomtale dat.21.3.2018 m/vedlegg

Saksopplysningar:

Frå B.Tarberg AS ligg det føre framlegg til privat detaljreguleringsplan for byggeområde for fritidshus på parsell av gnr.2 bnr.2 i Gjerdsvika.

Planområdet omfattar eit areal på om lag 5 da og er i gjeldande kommuneplan utlagt til byggeområde for fritidshus med krav om reguleringsplan før tiltak vert iverksett.

Planframlegget viser 6 tomter for frittliggande fritidshus og tilhøyrande vegar,parkering friluftsområde og anna vegggrunn.Plankart og reguleringsføresegner gir klare rammer for arealbruken innanfor planområdet og er i samsvar med gjeldande kommuneplanen.

Det er konkludert med at planen ikkje treng konsekvensutgreiast.

Sande formannskap gav i F-sak 14/18 samtykke til at det vert utarbeidd detaljreguleringsplan for området.Varsel om oppstart av planarbeid vart kunngjort den 21.2.2018 og vart sendt til ulike instansar og naboar til uttale.Det vart motteke 7 innspel til planarbeidet.Innspel og plankonsulentane sine vurderingar av merknadane går fram av vedlegg til planomtalen.

Det må betalast plangebyr i samsvar med gjeldande regulativ på kr 15.240.- Gebyret må vere betalt før planen vert utlagt til offentleg ettersyn.

Vurdering og konklusjon:

Ved teknisk eining har ein ikkje særlege merknader til søknaden og rår til at planframlegg m/føresegner og tilhørande saksdokument vert utlagt til offentleg ettersyn i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

Larsnes, 10.04.2018

Oddbjørn Indregård
Fung.rådmann

Kjell Martin Vikene
teknisk sjef

